

**Sakshandsamar:**

Roger Kløvtveit  
E-post: Roger.Klovtveit@sfj.no  
Tlf.: 95834359

**Vår ref.**

Sak nr.: 18/9615-2  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

56019/18

**Dykkar ref.****Dato**

LEIKANGER, 17.12.2018

Anders Magne Bruvoll, STRV  
Johanne Elisabeth Sjørdal, STRV

## Tildeling av tilskot til ERASMUS+ utveksling ved Stryn vidaregåande skule

Viser til søknad om ERASMUS + midlar

### Fylkesdirektøren tildeler Stryn vidaregåande skule kr. 40 929,- til følgjande føremål;

Studieopphald / praktisk utplassering i bedrift for to elevar i Murcia / Spania frå 23.02.2019.til 16.03.2019.

Detaljar på deltakarar og følgjepersonar må sendast sakshandsamar så snart desse er klare, seinast 2 veker før opphaldet. Detaljane er spesifisert i dokumentet «Rutiner for ERASMUS + (Leonardo da Vinci) utplassingar», her er rutiner som stønadsmottakarane skal følge for praktisk gjennomføring av prosjektet. Fylkesdirektøren ber om at de nyttar «hugseliste» for prosjektgjennomføring for å sikre god prosjektstyring.

#### Utbetaling

Tilskotet vert overført med det første.

#### Rapportering

Alle deltakarar må svare på evalueringsrapport frå ERASMUS+, denne vert sendt på e-post dagen etter at opphaldet er slutt. Om deltakarar ikkje svarar kan heile eller delar av tilskotet verte trekt attende av ERASMUS+.

Rapport må sendast sakshandsamar elektronisk via ESA eller ordninga E-dialog (for informasjon sjå på sfj.no under «Kontakt oss» eller på <http://www.sfj.no/?cat=463035>) innan 2 månader etter at prosjektet er avslutta. Rapport skal innehalde; Skriftleg rapport frå deltakarar; Signert individuell opplæringsavtale; Signert Europass Mobility dokument; Fellesattest på opphald.

#### Rekneskapsføring

Tilskotet vert sett av på fondskonto for interne tildelingar opplæringssektoren (fond 25699981).

Det er eininga sjølv som må syte for å hente tilskotet inn på sitt eige ansvar i rekneskapen. Dette gjer de ved å lage ei postering der de debiterer fond 25699981 og krediterer art 19400 (Bruk av disposisjonsfond), med rett ansvar, funksjon og ev. frikode. Bruk same tekst som ligg på avsettinga til fondskontoen.

NB: hugs rett rekneskapsføring etter Kostra.

Posteringa må tilvisast og sendast til løn- og rekneskapstenesta for registrering ev. registrerast som e-bilag. Tildelingsbrevet skal vere vedlegg til posteringsordren/e-bilaget.

Med helsing

Tor Einar Holvik Skinlo  
Ass. fylkesdirektør

Roger Kløvtveit  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Mottakar

Anders Magne Bruvoll, STRV  
Johanne Elisabeth Sjørdal, STRV

Kopi til:

Liv Frækaland, OA (ansvar 200, funksjon 52018, prosjekt 21013)